

KOSTRA landbruk

Ei vurdering av rapporteringa for 2024

Rapport nr. 30/2025
1.7.2025



Landbruksdirektoratet
Eanandoallodirektoráhtta



Rapport:	KOSTRA landbruk – ei vurdering av rapporteringa for 2024
Avdeling:	Avdeling ressurs og areal, seksjon arealforvaltning
Dato:	1.7.2025
Ansvarleg:	Aud-Ingrid Krefting
Bidragssytar:	Cecilie Askhaven og Jostein Tostrup
Rapport-nr.:	30/2025
Forsidebilde:	Johanne Schjøth, Landbruksdirektoratet

Innhald

Innhald	2
Samandrag	3
1 Innleiing	4
2 Omdisponering av jordbruksareal	5
2.1 Den gode utviklinga i omdisponering av dyrka jord held fram i 2024	5
2.2 Omdisponert areal på regionalt og kommunalt nivå	7
2.3 Mest omdisponering til bustader	10
3 Tala for nydyrking litt opp frå 2023	12
3.1 Nydyrking av myr	14
4 Jordlova – tal på saker og utfall	15
4.1 Omdisponeringssaker	15
4.2 Delingssaker	17
4.3 Driveplikt	19
5 Konesjonslova – talet på saker og utfall	20
5.1 «Vanlege» søknadar om konsesjon	20
5.2 «Slektskapskonsesjon»	22
5.3 Nedsett konsesjongrense – nullgrense	23
5.4 Nedsett konsesjongrense – slektskapsunntaket sett ut av kraft	24
5.5 Landbrukseigedom i dødsbu	25
6 Kvalitet på talmaterialet	26
6.1 Foreløpige og endelege tal	26
6.2 Endringar i rapporteringa	28
6.3 Om rapporteringa for 2024	28


Vedlegg 1: Tabellar og figurar

Vedlegg 2: KOSTRA-skjema 32 – forvaltning av landbruksareal

Samandrag

Omdisponeringa held fram med å synke

Den positive utviklinga held fram, og i 2024 blei 2 499 dekar dyrka jord omdisponert til andre formål enn landbruk (figur 1). Ikkje sidan registreringa starta i 1967 har så lite dyrka jord blitt omdisponert. Det nye jordvernmålet om maksimal årleg omdisponering på 2 000 dekar innan 2030, er dermed innan rekkevidde. Den største andelen av omdisponert dyrka jord i 2024 blei avsett til bustadformål (35 prosent), med samferdselsformål tett på (32 prosent).



Figur 1: Omdisponering av dyrka jord (1967-2024) til andre formål enn landbruk.
Kjelde: Noregs offentlege statistikk (1967-2005) og KOSTRA (2005-2024).

Nydyrkinga opp frå 2023

I 2024 blei 12 776 dekar godkjent for nydyrking. Det er nesten 3 000 dekar meir enn i fjor, då talet for nydyrking var det lågaste sidan KOSTRA-rapporteringa starta i 2005, men likevel om lag 15 000 dekar mindre enn i rekordåret 2019. Det er grunn til å tru at nedgangen dei siste åra blant anna heng saman med forbodet mot nydyrking av myr som trådde i kraft i 2020. Det blei gitt dispensasjon til nydyrking av 300 dekar myr i 2024.

Lite planvask

I 2024 blei berre 76 dekar tidlegare omdisponert dyrka jord rapportert som tilbakeført til LNFR-formål. Dette er betydeleg mindre enn året før, og kan tyde på at planvask ikkje blir gjennomført i tråd med føringane i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*.

Færre saker etter jordlova – stabilt etter konsesjonslova

Talet på omdisponerings- og delingssaker etter jordlova går framleis nedover. Kommunane behandla 660 omdisponeringssaker og 2 267 delingssaker i 2024. Avslagsprosenten var på 14 for omdisponeringssakene og 9,8 for delingssakene, noko som er på linje med tidlegare år.

Det er små endringar i statistikken over saker etter konsesjonslova. I 2024 behandla kommunane til saman 2 330 vanlege søknadar om konsesjon og innvilga i alt 2 278 av dei. Det er ei lita auke frå 2023.

1 Innleiing

Kommunane gjer vedtak om omdisponering av landbruksareal etter plan- og bygningslova. Dei behandlar også saker etter jordlova og konsesjonslova. Dette er til dømes saker om deling av landbrukseigedomar og omdisponering av jordbruksareal etter jordlova og søknadar om konsesjon etter konsesjonslova.

Kommunane rapporterer årleg på forvaltninga av landbruksareal gjennom KOSTRA. Denne rapporten samanfatar dei viktigaste tala frå 2024:

KOSTRA

KOSTRA (KOMmune–STat–RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir opplysningar om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Kommunane har sidan 2005 rapportert på eige landbruksskjema gjennom KOSTRA (sjå vedlegg). Det blir rapportert på omdisponert dyrka og dyrkbar jord etter plan- og bygningslova og jordlova, og dessutan på anna saksarbeid etter jordlova og konsesjonslova.

- Kapittel 2: Oversyn over dyrka og dyrkbart areal som er vedtatt varig omdisponert til andre formål enn landbruk.
- Kapittel 3: Oversyn over godkjent areal for nydyrking.
- Kapittel 4: Oversyn over tal på saker og utfall av saker behandla etter jordlova.
- Kapittel 5: Oversyn over tal på saker og utfall av saker behandla etter konsesjonslova.
- Kapittel 6: Landbruksdirektoratet si vurdering knytt til kvaliteten på dei innrapporterte tala, samt forslag til forbetringar.

Definisjonar:

Dyrka jord omfattar fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite, dvs. jordbruksareal.

Dyrkbar jord er areal som ved oppdyrking kan settast i slik stand at det vil halde krava til fulldyrka jord, og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. Dyrkbar jord kan vere skogareal, anna jorddekt fastmark, myr og torvmark.

Kjelde: NIBIO

2 Omdisponering av jordbruksareal

Kommunane er planmyndigheit etter plan- og bygningslova, og behandlar søknadar om dispensasjon frå forbodet mot omdisponering etter jordlova. I dette kapittelet viser vi utviklinga i kommunane si omdisponering av dyrka og dyrkbar jord både på nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå. Vi viser også formål areala blir omdisponert til.

Tala som kommunane rapporterer inn, viser til vedtak om omdisponering etter jordlova og reguleringsplanar vedtatt etter plan- og bygningslova. Kommunane rapporterer ikkje om areal som blir lagt inn som byggeområde i kommuneplanen sin arealdel. Det kan derfor gå noko tid frå kommunane vedtar nye byggeområde i LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel, til areala blir regulert gjennom reguleringsplanar og dermed gjort synleg i denne statistikken for omdisponering.

Jordvernmålet


Det er eit nasjonalt mål at den årlege omdisponeringa av dyrka jord ikkje skal overstige 2 000 dekar, og at målet skal være nådd innan 2030.

Det første nasjonale jordvernmålet blei lansert i 2004. Målet innebar ein maksimal årleg omdisponering på 6 000 dekar dyrka jord innan 2010. Målet blei stramma inn i 2015 til maksimalt 4 000 dekar og igjen i 2021 til maksimalt 3 000 dekar. Gjeldande mål på 2 000 dekar blei fastsett ved Stortingets behandling av oppdatert nasjonal jordvernstrategi i juni 2023.

2.1 Den gode utviklinga i omdisponering av dyrka jord held fram i 2024


Jordvernmålet om maksimal årleg omdisponering av 2 000 dekar dyrka jord per år innan 2030 er eit nasjonalt mål, men det er kommunane lokalt som sit med førstelinjeansvaret for omdisponeringa. Dei nasjonale tala som vi presenterer her viser summen av omdisponeringa, som då hovudsakleg skjer gjennom kommunane si forvaltning.

I 2024 blei 2 499 dekar dyrka jord omdisponert til andre formål enn landbruk (figur 2). Ikkje sidan registreringa starta i 1967 har så lite dyrka jord blitt omdisponert. Figuren under syner at den årlege omdisponeringa av dyrka jord jamt over har gått nedover sidan det første jordvernmålet blei lansert i 2004.




Figur 2: Omdisponering av dyrka jord frå 1967 til 2024.
Kjelde: Noregs offentlege statistikk (1967-2005) og KOSTRA (2005-2024).

Tala for *dyrkbar jord* er dei nest lågaste sidan KOSTRA-rapporteringa starta i 2005. I 2024 blei 2 722 dekar dyrkbar jord omdisponert til andre formål enn landbruk, og det er over tusen dekar mindre enn i 2023 (figur 3).




Figur 3: Omdisponert areal (dekar) fordelt på dyrka og dyrkbar jord, sum jordlova og plan- og bygningslova 2004 – 2024. Areal til skogplanting og areal regulert til landbruk er trekt frå. Rød linje viser jordvernmål frå det første målet blei fastsett i 2004 til innstramming i 2015, 2021 og 2023.

Kommunane rapporterte om tilbakeføring av 76 dekar dyrka jord i 2024 (figur 4, vedlegg 1, tabell 2), noko som er betydeleg mindre enn i 2023. Dette er areal som tidlegare har vore omdisponert til andre formål enn landbruk, men som no er tilbakeført til LNFR-formål. Det låge talet på tilbakeføring kan tyde på at planvask ikkje blir gjennomført i tråd med planer, eventuelt at det er feilkjelder som underrapportering frå kommunane. Her er det rom for å sette meir trykk bak dei føringane i dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2023-2027 om at kommunane ved revidering av arealdelen i kommuneplanen skal vurdere om tidlegare godkjent arealbruk skal endrast av omsyn til blant anna jordvern.



Figur 4: Dyrka jord (dekar) som tidlegare har vore omdisponert til andre formål enn landbruk, men som no er tilbakeført til LNFR-formål. Periode 2019-2024.

Den samla omdisponeringa av dyrka og dyrkbar jord etter jordlova i 2023 var den lågaste sidan KOSTRA-rapporteringa starta i 2005 (figur 5 og vedlegg 1, tabell 1). 748 dekar dyrka og dyrkbar jord blei vedtatt omdisponert etter jordlova i 2023. Tala for 2023 følgjer trenden frå dei siste tiåra der ein større del av omdisponeringa skjer som følgje av planprossar etter plan- og bygningslova og ikkje som einskildsaker og dispensasjonar.



Figur 5: Omdisponert dyrka og dyrkbar jord fordelt på plan- og bygningslova og jordlova, samt vassdrags- og energilovgivinga (2005-2024, dekar). For 2024 er tal frå vassdrags- og energilovgivinga ikkje rapportert. *Tala for 2005 er usikre då det var mange kommunar som ikkje rapporterte det året.


Omdisponering etter vassdrags- og energilovgivinga blir ikkje rapportert gjennom KOSTRA. NVE rapporterer direkte til SSB på dette. I 2024 er det ikkje rapportert på tala, men tala er normalt låge.

2.2 Omdisponert areal på regionalt og kommunalt nivå

Historisk sett har det vore stor variasjon i kor mykje kommunane i dei ulike fylka omdisponerer. Tradisjonelt har det vore mest omdisponering i pressregionar rundt dei store byane i Trøndelag, Rogaland og Akershus, og Østfold. Under presenterer vi statistikk for omdisponering fordelt på regionalt nivå i fylka, og lokalt i kommunane.

2.2.1 Kommunane i Trøndelag og Rogaland omdisponerte mest

I 2024 var det var det kommunane i Trøndelag som omdisponerte desidert mest dyrka jord (figur 6). Det var omdisponering til formåla samferdsel og bustader som stod for den største delen av omdisponeringa i dette fylket. I Rogaland, der kommunane omdisponerte nest mest i heile landet, var også samferdsel og bustader formåla som stod for størstedelen av omdisponeringa.



Figur 6: Fordeling på tal omdisponert areal dyrka jord etter lovgrunnlag og fylke, 2024 (dekar). Merk at sakene blir avgjort i kommunane, ikkje på fylkesnivå.

I Nordland skjedde nesten 70 prosent av kommunane si omdisponering av dyrka jord etter jordlova. Her skil desse kommunane seg klårt frå tala i resten av landet, der berre 16 prosent av omdisponeringa skjedde som einskildsaker etter jordlova. Det er ønskeleg at omdisponeringa hovudsakleg skjer etter heilskapleg planlegging etter plan- og bygningslova. Ein grunn kan være at det er mange små kommunar og at planverket i kommunane er gammalt. Her har kommunane eit potensial til å avgrense omdisponeringa gjennom å legge vekt på heilskapleg planlegging, og å halde seg til desse planane når dei er vedtatt.

2.2.2 Kommunevis statistikk

Det var Melhus kommune som omdisponerte klart mest dyrka jord i 2024 (tabell 1). Melhus kommune stod aleine for nesten 13 prosent av den totale omdisponeringa av dyrka jord i Noreg. Dei 20 kommunane som omdisponerte mest dyrka jord, stod for 56 prosent av den totale omdisponeringa av dyrka jord i Noreg.

Tabell 1: Dei 20 kommunane som omdisponerte mest dyrka jord i 2024.

	Kommune	Dekar
1	Melhus	317
2	Fredrikstad	117
3	Time	100
4	Hamar	91
5	Stavanger	80
6	Kvinesdal	73
7	Oppdal	63
8	Randaberg	54
9	Hå	52
10	Larvik	50
11	Holtålen	46
12	Hustadvika	45
13	Lillestrøm	44
14	Ålesund	44
15	Osterøy	40
16	Vestby	38
17	Nes	38
18	Trondheim	35
19	Bjørnafjorden	32
20	Ørsta	30
	Sum øverste 20 kommunar	1 389
	Sum alle kommunar i Noreg	2 499

2.3 Mest omdisponering til bustader


Samferdsel og bustader har vært formåla som har stått for størstedelen av omdisponeringa av dyrka jord over fleire år. 2024 var inga unntak, sidan bustader stod for 35 prosent og samferdsel for 32 prosent av omdisponeringa av dyrka jord (figur 7, samt vedlegg 1, tabell 3). Sidan KOSTRA-rapporteringa starta i 2005 har om lag 32 000 dekar dyrka jord blitt omdisponert til bustader, medan om lag 27 000 dekar har blitt omdisponert til samferdsel.

Sjølv om bustader stod for størstedelen av omdisponeringa i 2024, har likevel ein stadig større del av omdisponeringa over tid gått til samferdsel. Dette kan henge saman med at jordvernet har styrka seg, slik at kravet til samfunnsgagnet ved omdisponering har blitt større dei siste åra samanlikna med starten på 2000-talet.

Omdisponering av areal

Eit areal blir regna som omdisponert når det gjennom vedtatt reguleringsplan etter plan- og bygningslova eller ved saksbehandling etter jordlova skifter arealformål frå LNFR (landbruk, natur og friluftsliv, samt reindrift) til eit formål som ikkje tar sikte på landbruk. Tala i dette kapittelet viser kor mykje areal som blei vedtatt omdisponert til andre arealformål, ikkje kor mykje som faktisk blei bygd ned.

Når kommunane rapporterer i KOSTRA, skal tal på dekar omdisponert areal, både for reguleringsplanar og enkeltsaker etter jordlova, fordelast på ei heil rekke ulike formål. Omsynet til jordvernet skal avvegast mot andre omsyn i arealplanlegginga, og også etter jordlova kan omsynet til å verne om arealressursane måtte vike for andre viktige samfunnsomsyn. Tala frå KOSTRA viser kva for andre samfunnsformål jordbruksareala blir tatt i bruk til i omdisponeringssaker.



Figur 7: Omdisponert areal dyrka jord fordelt på formål i 2024.

3 Tala for nydyrking litt opp frå 2023


Samanlikna med 2023, som var eit år med rekordlåg nydyrking, har både tal på søknadar og areal det er søkt om å nydyrke, auka. Meir areal er og godkjend for nydyrking (figur 8). I 2024 blei 12 776 dekar godkjent for nydyrking. Tala er framleis låge samanlikna med toppåret 2019. Då blei i underkant av 30 000 dekar nydyrka. Det er grunn til å tru at nedgangen dei siste åra heng saman med forbodet mot nydyrking av myr som trådte i kraft i 2020. Den låge omdisponeringa av dyrka jord kan også gjere at behovet for å nydyrke er mindre.

Gjennomsnittsårealeet som blei tillate oppdyrka i kvar sak i 2024 var om lag 16 dekar, litt meir enn i fjor. I 2024 blei det behandla 806 søknadar om nydyrking. Avslagsprosenten var på 2,7. Det er den tredje høgaste avslagsprosenten i perioden, men lågare enn i 2023 då den låg på 4,7 prosent.

Regler for nydyrking

For å nydyrke eit areal må eigaren søke kommunen om godkjenning av plan for nydyrking etter forskrift om nydyrking (jf. jordlova § 11). Kommunane rapporterer om utfallet av behandla søknader i KOSTRA. KOSTRA-tala seier normalt ikkje i kva grad, eller når, desse areala faktisk blir dyrka opp. Unntaket er dispensasjonar gitt til nydyrking av myr. Då skal kommunane ferdiggodkjenne nydyrkinga og rapportere dette inn i KOSTRA. Dersom nydyrkingstiltaket ikkje er påbegynt innan tre år etter at løyvet blei gitt, fell løyvet bort.

I 2020 blei forskrift om nydyrking revidert slik at nydyrking av myr blei forbode. Frå og med rapporteringsåret 2021 har kommunane rapportert på dette. I rapporteringa skal kommunane skilje på grunn (mindre enn 100 cm torvlag) og djup myr (over 100 cm torvlag).



Figur 8: Tal på tillatne nydyrka areal og avslagsprosent i perioden 2009-2024 (dekar).


Dei høgaste tala for godkjent areal for nydyrking i 2024 finn vi, som i fjor, hos kommunane i Innlandet med 4 241 dekar og Trøndelag med 2 205 dekar. Rogaland følgjer tett med 2 122 dekar. Godkjent nydyrka areal gått opp, mens avslagsprosent har gått ned.

Ved behandling av søknad om godkjenning av plan for nydyrking skal kommunen legge særleg vekt på kva verknad nydyrkinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiane. Kvart år blir det stilt vilkår av omsyn til natur og miljø i drygt halvparten av nydyrkingssakene. I 2024 blei det stilt slike vilkår i 64 prosent av sakene der godkjenning blei gitt (vedlegg 1, tabell 4).

3.1 Nydyrking av myr

Frå og med 2021 har kommunane rapportert på dispensasjonar for nydyrking av myr, og for ferdiggodkjente nydyrka myrareal. Tala er differensiert på grunn og djup myr. Tala viser at det blei gitt dispensasjon til nydyrking av 300 dekar myr i 2024. Til samanlikning var det same talet rekordlåge 169 dekar i 2023. I 2024 var 116 dekar av myrarealet djup myr, noko som utgjer 39 prosent av myrareal godkjent for nydyrking (figur 9). Dette er ei auke frå 2023, då 16 prosent av godkjent nydyrka myrarealet var djup myr. Sjølv om det er små tal, er det ikkje heldig at ein større andel av godkjent myrareal til nydyrking er djup myr, sidan djup myr slipp ut meir klimagassar.

Av det totale arealet godkjent for nydyrking i 2024, var under 2,3 prosent av arealet myr. Det var kommunane i Vestland som godkjente mest myr for nydyrking, med 77 dekar i 2024. 9 prosent av den godkjente nydyrkinga i Vestland var myr i 2024.



Figur 9: Fordeling av innvilga areal for nydyrking av djup og grunn myr i 2024.

Kommunane behandla totalt 40 søknadar om dispensasjon frå forbodet mot nydyrking av myr i 2024, og 27 av dei blei innvilga. 33 prosent av desse dispensasjonssakene, og i underkant av 40 prosent av arealet, blei avslått. 9 saker med til saman 49 dekar nydyrking av myr blei ferdiggodkjent i 2024, med ei fordeling på 19 dekar djup myr og 30 dekar grunn myr.

Det er berre i «særlege høve» at kommunen kan vurdere dispensasjon frå forbodet mot nydyrking av myr jf. forskrift om nydyrking § 5 a andre ledd. Kommunane har rapportert på kva for særleg tilfelle som har vore grunnlaget for dispensasjonsvedtaket. Tal på søknadar står i parentes, og kommunane kan rapportere fleire årsaker i same sak:

- a. Når grunneigar mister andre produksjonsareal på grunn av tap av leigejord eller ved utbygging i offentleg regi som samferdselstiltak eller liknande (7),
- b. der grunneigar sin einaste dyrkingsressurs er myr (22), eller
- c. for å ta i vare særskilde produksjonar i myr på fjellgrunn (0)

4 Jordlova – tal på saker og utfall

4.1 Omdisponeringssaker

I 2024 blei det registrert 660 søknadar om omdisponering etter jordlova §§ 9 eller 12. Dette er det lågaste talet som er registrert sidan år 2003 (vedlegg 1, tabell 6) og den gode utviklinga held dermed fram. Av desse søknadene blei 565 innvilga, som og er det lågaste talet på innvilga søknadar sidan KOSTRA-rapporteringa starta (figur 10). Avslagsprosenten var som i fjor på om lag 14 (vedlegg 1, tabell 6).


Som direktoratet har vist til i tidlegare år, er truleg hovudforklaringa på det minkande talet på omdisponeringssaker etter jordlova at ein større del av utbyggingssakene blir behandla gjennom plan- og bygningslova.

Tala for 2024 viser at om lag 16 prosent av omdisponeringa av dyrka jord blei gjort med grunnlag i jordlova.

Omdisponering etter jordlova

Jordlova set eit forbod mot å nytte dyrka jord til formål som ikkje tar sikte på jordbruksproduksjon. Jordlova seier også at dyrkbar jord ikkje må disponerast slik at ho i framtida ikkje blir eigna til jordbruksproduksjon. Vil eigaren nytte dyrka eller dyrkbar jord til anna enn jordbruksproduksjon, må hen søke om samtykke til omdisponering etter jordlova § 9.


I KOSTRA blir også søknader om frådeling etter jordlova § 12 tatt med under talet for omdisponeringssaker etter jordlova § 9, dersom delinga fører med seg at dyrka eller dyrkbar jord blir omdisponert.



Figur 10: Tal på søknadar om omdisponering av dyrka og dyrkbar jord etter jordlova §§ 9 og 12 innvilga (2005-2024).

4.1.1 Avslagsprosenten varierer mellom fylka

Det er stor variasjon i talet på søknadar om omdisponering etter jordlova i dei forskjellige fylka (sjå vedlegg 1, figur 1). Dette er naturleg, da det er ulikt kor mykje jordbruksareal og kor stor aktivitet det er i dei ulike fylka. Det er også stor skilnad i avslagsprosent mellom fylka. Det er variasjonar over år, slik at fylker som hadde høg avslagsprosent i 2023 ikkje nødvendigvis hadde det i 2024. Figur 11 viser at den høgaste avslagsprosenten i 2024 var blant kommunane i Finnmark med 58 prosent, men her var det berre 12 saker totalt. Den lågaste avslagsprosenten var i kommunane i Akershus og Oslo med 8 prosent. Akershus og Oslo hadde 24 saker totalt. Vestland hadde flest saker, 113, og ein avslagsprosent på 15. Dette er på nivå med den gjennomsnittlege avslagsprosenten for heile landet i 2024, som er på 14 prosent.



Figur 11: Avslagsprosent for søknadar om omdisponering etter jordlova §§ 9 eller 12 i 2024.

4.2 Delingssaker


I 2024 behandla kommunane i alt 2 267 saker om deling av landbrukseigedom. Kommunane gav samtykke i 2 045 av sakane (vedlegg 1, tabell 7). Det er ein liten nedgang frå i fjor, og tala dei siste åra står i kontrast til det første året med KOSTRA-statistikk, då kommunane behandla i alt 6 537 delingssaker. Trenden med færre delingssaker år for år heldt dermed fram i 2024 (figur 12). Avslagsprosenten var på 9,8 i 2024, noko som er på linje med tidlegare år.

På same måte som for omdisponeringssakene, er ei mogleg forklaring på den synkende trenden i talet på delingssaker etter jordlova at tomter blir delt frå etter at det er gjort endringar i reguleringsplan eller kommuneplanen sin arealdel, slik at jordlova ikkje kjem i bruk.

Deling av landbrukseigedom – jordlova § 12


Om eigaren av ein landbrukseigedom vil dele frå eit areal, t.d. ei tomt til bustad, må hen søke om samtykke til deling etter jordlova § 12. Kommunen skal ved si behandling av søknaden mellom anna legge vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket.

Jordlova § 12 blei endra med verknad frå 1. juni 2013, mellom anna slik at omsynet til busetting kan gi grunnlag for at søknaden kan bli innvilga sjølv om andre moment talar mot det. Denne endringa blei tatt inn som eit nytt punkt i KOSTRA-skjemaet frå og med rapporteringsåret 2013.



Figur 12: Tal på søknadar om deling etter jordlova § 12 og tal på samtykke i perioden 2005 - 2024.

Det er stor skilnad mellom fylka med omsyn på avslagsprosent i delingssaker. I fjor presenterte vi ein figur der denne skilnaden ble vist over tid, og der tala for fylka som slo seg saman i 2020 blei omrekna slik at ein kunne samanlikne over ein lengre periode. I 2024 blei det igjen endringar i fylka. I år har vi valt å vise avslagsprosenten i fylka slik dei var inndelte i 2024 (figur 13). Den høgaste avslagsprosenten i 2024 var i kommunane i Finnmark, som av slo 25 prosent av sakene. Finnmark hadde også færrest søknadar, nærare bestemt 28 i talet. Fylket med lågast avslagsprosent var Nordland. I kommunane i Nordland blei berre 6 prosent av delingssakene avslått, og dei behandla 203 delingssaker. For heile landet var gjennomsnittleg avslagsprosent i denne perioden på 10 prosent for kommunane si behandling av søknadar etter jordlova § 12.



Figur 13: Avslagsprosent i saker etter jordlova § 12 i 2024 fordelt på fylka.

Etter endringar i konsesjonslova i 2017 gjeld ikkje føresegnene om priskontroll for reine skogeigedomar lenger. Korkje bebygde eller ubebygde. *Ein rein skogeigedom* er ein eigedom som ikkje har jordbruksareal. Statistikken gir oss kunnskap om lovendringa har ført til delingar som har til resultat at vi får fleire reine skogeigedomar. Altså eigedomar som er unntatt frå priskontroll. I 2024 oppgav kommunane at dei hadde gitt samtykke i 28 slike saker. Dette er på linje med tidlegare år (vedlegg 1, tabell 7).

Per juni 2024 er forslaget om å gjeninnføre priskontroll på reine skogeigedomar vedtatt av Stortinget. Endringa tar til å gjelde frå 1. juli 2025.

Med endringane i konsesjonslova i 2017 blei òg arealgrensa for priskontroll endra slik at bebygde eigedomar med mindre enn 35 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord blei unntatt frå slik regulering. Tidlegare var denne grensa på 25 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord. I tillegg er arealgrensa for skog fjerna. KOSTRA-tala for 2024 viser at kommunane gav samtykke i 39 søknadar om deling der samtykket førte til at det oppstår ein bebygd eigedom som framleis kan nyttast til landbruksdrift der frådellinga har leidd til at fulldyrka/overflatedyrka jord er redusert til 35 dekar eller mindre. Dette er på linje med tidlegare år (vedlegg 1, tabell 7).

4.3 Driveplikt


I 2024 ble det innvilga 35 søknadar om varig fritak frå driveplikta (figur 14, samt vedlegg 1, tabell 8). Dette er langt færre enn det som ble innvilga i fjor da det var heile 133. Vi har merka oss at høge tal på søknadar om varig fritak kan kome av at einskildkommunar har drive med aktiv oppfølging av driveplikta, der eitt resultatet av oppfølginga også kan vere at det kjem fleire søknadar nettopp om fritak frå driveplikt som følgje av denne oppfølginga.

Talet for pålegg om driveplikt er litt høgare enn året før, med 33 vedtak i 2024 (figur 14, samt vedlegg 1, tabell 9).

Driveplikt – jordlova § 8

Med verknad frå 1. juli 2009 blei det fastsett ei føresegn i jordlova § 8 om at jordbruksareal skal drivast. Denne føresegna gjeld utan tidsavgrensing. Eigaren må derfor sjølv drive den dyrka jorda hen eig, eller jorda må leigast bort som tilleggsjord til andre. Ei slik leigekontrakt skal vere skriftleg, og gjelde for ei tid på minst 10 år. Leigeavtalen skal òg gi ei god driftsmessig løysing. Finn kommunen at jordbruksarealet ikkje blir drive, kan eigaren påleggjast å leige jorda bort for ei tid av inntil 10 år, eller at jorda skal plantast til med skog, eller tiltak av omsyn til kulturlandskapet.

Eigaren kan etter jordlova § 8a søke om fritak frå driveplikta, enten heilt eller for ein tidsavgrensa periode.



Figur 14: Tal på saker behandla etter jordlova §§ 8 og 8 a i perioden 2011 – 2024. Merk at talet vedtak med pålegg om driveplikt ikkje nødvendigvis heng saman med talet på kommunar som har behandla søknadar om fritak frå driveplikta.

5 Konesesjonslova – talet på saker og utfall

Kommunane rapporterer på ei rekke spørsmål knytt til saksbehandling etter konesesjonslova. Alt frå spørsmål om «vanlege» konesesjonssaker til spørsmål om «slektskapskonesesjon» og «nullgrensesaker». Kva for sakstype dette er kan du lese meir om i tekstboksane i dette kapittelet. Felles for sakstypene under konesesjonslova er at det er lite variasjon i talet på saker og avslagsprosent frå år til år. Dette kjem vi nærare inn på i delkapitla under.

Vedtaksmyndigheita i saker der aksjeselskap står som søker blei flytta frå kommunen til statsforvaltaren med verknad frå 7. juli 2023. Frå dette tidspunktet rapporterer derfor ikkje kommunane lenger på søknadar frå aksjeselskap.

Konesesjon og konesesjonslova

«Konesesjon» betyr løyve til erverv av fast eigedom. «Erverv» er eit fellesord for alle måtar ein kan overta ein eigedom på (til dømes kjøp, arv eller gåve).


Formålet med konesesjonslova er å få eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet. Konesesjonslova fastset at det er naudsynt med konesesjon for å erverve fast eigedom. Unntaka frå denne konesesjonsplikta er likevel så omfattande at det i praksis berre må søkast om konesesjon for ein liten del av eigarskifta på fast eigedom.

Konesesjon kan gis med eller utan vilkår. Historisk sett blir om lag halvparten av søknadene innvilga på vilkår. I KOSTRA rapporterer kommunane på om det er sett vilkår etter konesesjonslova § 11.

5.1 «Vanlege» søknadar om konesesjon


Erverv av ein eigedom som skal nyttas til landbruksformål, og som ikkje er konesesjonsfri å overta på grunn av storleik eller fordi han er overtatt av nær familie, krev konesesjon. Søknadar som ikkje fell inn under føreseigna om «slektskapskonesesjon» eller er såkalla «nullgrensesaker» (sjå tekstboks lengre ut i kapittelet) er i KOSTRA-samanheng å regne for «vanlege» søknadar om konesesjon. Under summerer vi kort opp rapporteringa for 2024.

Talet på innvilga søknadar har vore jamt dei siste åra, men med ei lita auke frå 2023 til 2024. Kommunane behandla til saman 2 330 vanlege søknadar om konesesjon i 2024 og innvilga i alt 2 278 av dei. Forholdet mellom talet på innvilga søknadar med og utan vilkår har lege omtrent på same nivå over tid. Avslagsprosenten litt ligg lågare enn i 2023, men er omtrent på same nivå som tidlegare år. Utviklinga gjennom år er illustrert i figur 15 og meir informasjon finns i vedlegg 1, tabell 10.



Figur 15: Innvilga «vanlege» søknadar om konsesjon, med og utan vilkår, i perioden 2010-2024, alle kommunar. Raud stipla linje viser avslagsprosent i perioden.

Det er variasjon mellom kommunane, og dermed mellom fylka, når det gjeld bruken av vilkår. Kommunane i Trøndelag, Telemark, Vestfold og Innlandet har knytt vilkår til konsesjonane i over 60 prosent av sakene (figur 16). Avslagsprosenten var høgast i kommunane i Finnmark med 8,6 prosent, medan kommunane i Agder, Vestfold og Østfold ikkje avsto nokon søknadar i 2024.




Figur 16: Utfall av søknadar om «vanleg» konsesjon behandla av kommunane i 2024 fordelt på fylka.

5.2 «Slektskapskonsesjon»

Statistikken for «slektskapskonsesjon» viser at kommunane behandla 188 slike søknadar i 2024. Det er litt høgare enn i fjor, men framleis lågt (nest lågaste) samanlikna med talet på søknadar sidan endringa av konsesjonslova i 2009 (vedlegg 1, tabell 11). Kommunane innvilga 171 av desse søknadene i 2024 (figur 17).

«Slektskapskonsesjon» - § 9 siste ledd

Endring av konsesjonslova i 2009 gjorde at odelsberettiga eller nær slekt må søke konsesjon der vedkommande ikkje kan eller vil busette seg på eigedomen. Kommunen tar så stilling til om det skal gis konsesjon med eller utan vilkår om buplikt.




Figur 17: Talet på saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd ("slektskapskonsesjon"), behandla av kommunane som førsteinstans, 2011 - 2024.

5.3 Nedsett konsesjonsgrense – nullgrense

Kommunane behandla i alt 71 såkalla «nullgrensesaker» i 2024, noko som er litt høgare enn dei siste åra. (figur 18, og vedlegg 1, tabell 12). Avslagsprosenten var på 4,2, og dette er av dei lågaste avslagsprosentane som er registrert. Av figur 18 kjem det fram at det var sær mange nullgrensesaker i 2017. Dette kan skuldast feilrapportering i 2017, då nokre kommunar kan ha talt eigenfråsegnskjema som innvilga nullgrensesaker.


«Nullgrense»

For å sikre omsynet til fast busetting kan kommunen søke om å få innføre forskrift etter konsesjonslova § 7, også kalla «nullgrenseforskrift». Ei slik forskrift sett konsesjonsfridomen ut av kraft for heile eller delar av kommunen, og gjeld for eigedomar som er eller har vore nytta til heilårsbustad eller er regulert til bustadformål. Tar ein over ein slik eigedom og vil nytte han til fritidsformål, må ein søke om konsesjon.



Figur 18: Tal på nullgrensesaker (primærakse) og avslagsprosent (sekundærakse) i perioden 2005 – 2024.

Det er Landbruksdirektoratet som fastset desse forskriftene, og direktoratet fører derfor ei eiga oversikt over dei årlege endringane i talet på kommunar med forskrift. Oversikta viser at 42 kommunar hadde ei forskrift etter konsesjonslova § 7 i 2024. Figur 19 syner at utviklinga over år er at færre kommunar har forskrift om nedsett konsesjonsgrense.



Figur 19: Talet på kommunar som har forskrift etter konsesjonslova § 7, nullgrenseforskrift, i perioden 2005 – 2024. (Kjelde: Landbruksdirektoratet)

5.4 Nedsett konsesjonsgrense – slektskapsunntaket sett ut av kraft

Ei endring i konsesjonslova, sett i kraft 1. juli 2009, gjer det mogleg for kommunane å innføre forskrift som òg set slektskapsunntaket i konsesjonslova (§ 5 første ledd nr. 1) ut av kraft. Dette inneber at nære slektningar av tidlegare eigar må søke konsesjon dersom dei ønskjer å nytte ein tidlegare heilårsbustad til fritidsformål. Tabell 13 i vedlegg 1 syner at kommunane har behandla 40 slike saker i fjor. 38 blei innvilga og 2 avslått. Det var berre i Innlandet, Buskerud og Telemark det var slike saker i fjor, og dei fleste (29) var i Øystre Slidre i Innlandet.

5.5 Landbrukseigedom i dødsbu

I 2024 har kommunane for fyrste gong rapportert på om dei har gjort vedtak om forlenging av treårsfristen arvingane har for å føre landbrukseigedom ut av dødsbu. I 2024 var det 27 kommunar som fatta vedtak om forlenging av frist, og 71 søknadar om forlenging av frist blei innvilga. Kommunane fatta ingen vedtak om tvangssal av landbrukseigedom i dødsbu i 2024, sidan 1. januar 2025 var tidlegast moglege tidspunkt for kommunane å gjere dette på.

Landbrukseigedom i dødsbu


Arvelova § 99 a tok til å gjelde 1. januar 2022. Denne føresegna seier at dersom det ligg ein landbrukseigedom i dødsbuet, må denne eigedomen bli overført frå dødsbuet til ein ny eigar med tinglyst heimel innan tre år frå arvelataren sin død. I denne samanhengen er "landbrukseigedom" definert til å vere ein eigedom som har minst fem dekar jordbruksareal eller minst 25 dekar produktiv skog. Arvingane kan søke om å få forlenging av fristen på tre år. Viss arvingane ikkje overheld fristen på tre år, og heller ikkje har søkt og fått utsetting på fristen, kan kommunen tvangsselje eigedomen etter føresegnene i konsesjonslova § 19. Gjennom KOSTRA rapporterer kommunane på talet vedtak om forlenging av treårsfristen, og tal på vedtak om tvangssal.

6 Kvalitet på talmaterialet

6.1 Foreløpige og endelige tal

Kommunane må rapportere gjennom KOSTRA innan 15. februar kvart år, og dei foreløpige tala blir publiserte om lag 15. mars hjå SSB. Deretter blir tala kvalitetssikra, og dei kommunane som endå ikkje har rapportert inn tal får beskjed om å gjere dette. I perioden 15. mars og fram til dei endelige KOSTRA-tala blir publisert hjå SSB om lag 15. juni skjer det etterrapportering og feilretting. For 2024 var det 336 av 357 kommunar, altså 94 prosent, som hadde rapportert ved rapporteringsfrist 15. februar (tabell 2). Dette er litt lågare enn året før.

